



*(Kontrollutvalet sitt forslag til)*

## **REGLEMENT FOR KONTROLLUTVALET I LOM KOMMUNE**

**Vedteke i kommunestyret ..... sak .....**

Kommuneloven kap. 12 har vedtekter om kontrollutval i kommunane, og Kommunal- og regionaldepartementet har gjeve forskrift om kontrollutval med heimel i kommuneloven, vedtatt 15.6.2004. Dette reglementet inneheld særskilte vedtekter for kontrollutvalet i Lom kommune.

For kommunestyret utøver kontrollutvalet tilsyn med forvaltninga i kommunen. Kontrollutvalet er vald av kommunestyret og rapporterer til kommunestyret.

### **§ 1 Val og samansetjing**

Kommunestyret vel sjølv eit kontrollutval med medlemmar og vara medlemmar for valperioden. Kommunestyret vel sjølv leiar og nestleiar.

Leiar av kontrollutvalet bør veljast frå opposisjonen.

Kommunestyret vel sjølv så mange medlemmar og vara medlemmar som kommunestyret fastsett, likevel minst tre medlemmar og tre vara medlemmar.

Det er personlege vara medlemmar og det skal veljast eit vara medlem for kvart medlem. Den medlemmen som blir valt blant medlemmane i kommunestyret (jf. forskrift om kontrollutval § 2, 2. ledd) skal ha vara medlem som er valt blant medlemmar eller vara medlemmar til kommunestyret.

Medlemmar og vara medlemmar som ikkje sit i kommunestyret, skal delta i folkevaldopplæringa til kommunen.

### **§ 2 Arbeidsområde og virkemåte**

Kontrollutvalet skal medverke til eit funksjonsdyktig folkestyre for kommunen innafor rammene til lovverket, og ei rasjonell og effektiv forvaltning av ressursane til kommunen.

Kontrollutvalet skal leggje vekt på å opptre partipolitisk nøytralt.

Utvalet skal leggje vekt på faglege og profesjonelle omsyn. I funksjonen sin skal kontrollutvalet opptre som eit kollegium for slik å få betre gjennomslag for dei sakene som utvalet tek opp.

Kontrollutvalet skal ha fokus på etiske retningslinjer og

- skal gjere seg kjend med dei etiske retningslinjene i kommunen og med gjeldande reglement,
- skal følgje reglane i forvaltningslova om habilitet og lojalt etterkome dei vedtektene og vedtaka som gjeld,
- skal i arbeidet sitt styrke tilliten til den kommunale verksemda,
- skal unngå personlege føremonar av ein art som kan påverke eller vere eigna til å påverka handlingar, saksførebuingar eller vedtak,

- skal unngå å kome i situasjonar som vil føre til at det kan stillast spørsmål ved integriteten til medlemmane,
- skal ikkje bruke fortrulege opplysningar som blir motteke i samband med behandling av saker i kontrollutvalet til personleg vinning,
- bør la seg registrere i KS sitt styrevervsregister.

Uttale til pressa eller media som er knytt til ei konkret sak, skal gjerast av leiar eller den leiaren gjev fullmakt til.

### **§ 3 Saksbehandling**

Kapittel 6 i Kommuneloven om reglar for saksbehandling i folkevalde organ, gjeld og for møta i kontrollutvalet.

Møta i kontrollutvalet er opne.

- Ordføraren har møte- og talerett, men ikkje stemmerett.
- Administrasjonssjefen kan innkallast/inviterast til møta etter behov.
- Administrasjonssjef og ordførar får kopi av innkallinga til møta og protokollane.
- Vara medlemmane i kontrollutvalet og dagspressa i distriktet får heile saklista med vedlegg, samt møteprotokoll på e-post.
- Innkallinga til møta i kontrollutvalet skal skje seinast 7 dagar før møtet. Sakliste med vedlegg blir lagt ut på heimesida til kommunen seinast 5 dagar før møtet.
- Møteprotokollen blir lagt ut på heimesida seinast 3 dagar etter møtet.
- Kvart medlem av utvalet kan krevje å få ei sak sett på sakskartet. Sekretariatet må få rimeleg tid til saksførebuing.
- Kontrollutvalet avgjer den administrative tilrettelegginga for sakene til utvalet.

Kontrollutvalet innstiller til kommunestyret i saker som er behandla av kontrollutvalet, med unntak av når det er gitt andre reglar om innstilling(jf. m.a. kontrollutvalsforskrifta §§ 7 og 18, uttale om årsrekneskapen og budsjettforslaget til kontrollutvalet om tilsyn og kontroll).

### **§ 4 Oppgåver (jf. KL § 77)**

Utvalet skal innan 1. halvår leggje fram årsrapport til kommunestyret om verksemda førre året. Han skal innehalde opplysningar om gjennomført forvaltningsrevisjon og selskapskontroll og resultatet av dette, jf. forskrift om kontrollutval §§ 11 og 15.

Leiar for kontrollutvalet eller den vedkommande gjev fullmakt til, bør vere til stades i kommunestyret under behandling av dei sakene der kontrollutvalet har innstilt til kommunestyret.

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunen set av tilstrekkelege midlar til kontroll og tilsyn i årsbudsjettet til kommunen.

Sekretariatet for kontrollutvala i Nord-Gudbrandsdal set opp eige årsbudsjett og økonomiplan for drifta som er ute på høyring i kommunane før budsjettbehandlingane i kommunane.

### **§ 5 Teieplikt**

Kontrollutvalet har teieplikt etter § 13 i forvaltningsloven. Medlemmane skriv under eigen erklæring om teieplikt.

## **§ 6 Kontakt med revisjonen**

Dersom kontrollutvalet vil vende seg til personale i revisjonen, skal det skje til revisjonssjefen, så sant ikkje spesielle tilhøve tilseier noko anna.

## **§ 7 Kontakt med kommuneadministrasjonen**

All kontakt mellom kontrollutvalet og kommunen skal skje til administrasjonssjefen, anten frå sekretariatet eller frå leiar eller den som får fullmakt til dette.

## **§ 8 Iverksetjing**

Dette reglementet trer i kraft når det er vedteke av kommunestyret.

Reglementet skal evaluerast minst ein gong i valperioden.